

St.prp. nr. 72

(2008–2009)

Om nokre saker på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 15. mai 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.30 Vegformål og 21.50 Jernbaneformål.

2 Programkategori 21.30 Vegformål

2.1 Omklassifisering av vegar i samband med forvaltningsreforma

I St.meld. nr. 16 (2010-2019) Nasjonal transportplan 2010-2019 varsla Samferdselsdepartementet at omklassifisering av øvrig riksveg og opptak av fylkes- og kommunal veg til riksveg ved gjennomføring av forvaltningsreforma, ville bli fremja for Stortinget til formell godkjenning. Departementet legg med dette fram forslag om omklassifisering av dei riksvegane, inkl. gang- og sykkelveg, som skal bli fylkesveg, i Oslo kommunal veg, og forslag til opptak av fylkesveg og kommunal veg som riksveg. Totalt er 17 240 km riksveg foreslått omklassifisert. Dei budsjettmessige konsekvensane av omklassifiseringa blir omtalt i kommuneproposisjonen.

Spørsmålet om eigarskapen til Horten ferjekai vil departementet kome tilbake til som eiga sak.

Nærare om overføring av øvrige riksvegar til fylkeskommunane, i Oslo kommunen

Riksvegnettet består i dag av øvrige riksvegar og stamvegar. Stortinget har ved behandlinga av St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid og Innst. S. nr. 166 (2006-2007), sluttet seg til at ansvaret for det vesentlegaste av øvrige riksvegar og øvrige riksvegferjesamband skal overførast frå staten til fylkeskommunane, i Oslo kommunen, frå det tidspunktet forvaltningsreforma blir sett i verk.

Saka blei behandla av Stortinget i samband med Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv (gjennomføring av forvaltningsreformen), jf. Innst. O. nr. 30 (2008-2009). Lova er vedteken av Stortinget og tek til å gjelde 1. januar 2010.

Kommunal- og regionaldepartementet sende som ledd i lovførebuiningane, ut eit høyringsnotat av 26. februar 2008 Forvaltningsreforma – forslag til oppgåver til det nye folkevalte nivået. I høyringsnotatet blei det foreslått fleire kriterium som grunnlag for å vurdere nærare kva for øvrige riksvegar og øvrige riksvegferjesamband som framleis skal vere ein del av riksvegnettet etter at reforma tek til å gjelde. Med bakgrunn i desse kriteria gjennomførte Statens vegvesen ei brei høyring av forslag til klassifisering av øvrige riksvegar.

I St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, er det gjort nærare greie for over-

føring av øvrig riksvegnett til fylkeskommunane, i Oslo kommunen. Med bakgrunn i dei nemnde kriteria og Statens vegvesens høyring er det i meldinga gjort greie for kva for vegar som framleis skal vere riksveggar etter at forvaltningsreforma er sett i verk. Stamvegnettet i dag skal framleis vere riksveg. Det er vidare lagt til grunn at vegar og ferjesamband på det øvrige riksvegnettet framleis skal vere riksveg og riksvegferjesamband dersom dei har ein funksjon som: koplingar til nasjonale knutepunkt, koplingar til større byområde, viktige inter-regionale vegar og viktige riksveggar mot nabolanda. For å sikre eit samanhengande nasjonalt transportnett vil det framtidige riksvegnettet omfatte dagens stamvegnett, nokre få strekningar av dagens øvrige riksvegnett og nokre korte strekningar av dagens fylkesveggar og kommunale vegar.

Gang- og sykkelveggar er ein viktig del av riksvegnettet. Gang- og sykkelveg som staten har ansvar for langs øvrig riksveg som blir omklassifisert til fylkesveg, blir overført til fylkeskommunen, i Oslo kommunen, som del av den aktuelle vegstrekninga. Gang- og sykkelveg langs dagens stamveg og øvrig riksveg som framleis skal vere riksveg, vil halde fram med å vere ein del av riksvegen. Utanfor byar og større tettstader er dette kriteriet for å overføre ansvar for gang- og sykkelveggar tydeleg og ukomplisert i dei fleste tilfella. I byar og tettstader har det i enkelte tilfelle vore formålstenleg å etablere gang- og sykkelveg på annan stad enn direkte langs riksvegen, noko som kan gjere omklassifiseringa meir komplisert.

Statens vegvesen har utarbeidd retningslinjer for statleg ansvar for samanhengande hovudnett for sykkeltrafikk i byar og tettstader. Det statlege delansvaret er definert med utgangspunkt i dagens riksvegansvar, som gir staten ansvar for å leggje til rette for sykkeltrafikk langs og på tvers av riksvegnettet (kryssingar). Sykkelvegen kan leggjast langs ein annan trasé enn langs riksvegen, dersom det gir best løysing. Den statlege delen av hovudnettet for sykkel bør som eit utgangspunkt ha om lag same omfang som riksvegnettet i byen/tettstaden. Der lenker i hovudnettet er lagt på eller langs fylkesveggar eller kommunale vegar, er desse gang- og sykkelvegane normalt fylkeskommunale eller kommunale.

Samferdselsdepartementet foreslår at dei prinsippa som det er gjort greie for i dei to føregåande avsnitta, blir lagde til grunn ved overføring av ansvar for gang- og sykkelveg ved gjennomføring av forvaltningsreforma.

Omklassifiseringa kan reise spørsmål om kvar ein riksveg konkret sluttar og kvar fylkesveg og kommunal veg tek over. Behovet for konkret (fysisk) avgrensing av riksvegansvaret ute i marka vil gjelde både for bilvegen og gang- og sykkelveggar. Behovet vil kunne vere til stades i det enkelte kryssområde, for vegarmar inn mot hamner, andre terminalområde, tettstader m.m. og for andre vegområde der forvaltningsreforma gjer det nødvendig med ny fysisk avgrensing av ansvaret mellom staten og fylkeskommunen og kommunen. Den eksakte avgrensinga vil måtte fastsetjast etter at Stortinget har fatta det strekningsvise omklassifiseringsvedtaket. Staten har ansvar for arbeidet med konkret avgrensing av kor langt det statlege ansvaret går, med fullmakt for Samferdselsdepartementet til å gjere endeleg vedtak om avgrensinga, jf. veglova § 62 tredje ledd. Dette skal skje i dialog med fylkeskommunane.

Avgrensing som nemnd, blir avgjerande for kven som er rett vegstyresmakt og eigar/rettshavar på konkrete (fysiske) vegstrekningar/-område, kva lov- og forskriftsreglar som gjeld, kven som dekkjer utgifter til planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og forvaltning.

Staten skal ta opp nokre korte strekningar med kommunal veg og fylkesveg som riksveg. Prinsippa som gjeld ved omklassifisering av riksveg til fylkesveg og kommunal veg, skal gjelde tilsvarende ved opptaket. Samferdselsdepartementet fastset også i desse tilfella kor langt det statlege ansvaret skal gå.

Ferjer er ikkje omfatta av veglova. Ferjesamband blir følgeleg ikkje ein del av det formelle omklassifiseringsvedtaket etter veglova, men ansvaret blir overført til fylkeskommunen som følge av omklassifiseringsvedtaket og samtidig med iverksetjing av dette. I utgangspunktet skal dei øvrige riksvegferjesambanda som er ein del av det øvrige riksvegnettet, overførast til fylkeskommunen. Til orientering omfattar det desse sambanda:

Tabell 2.1 Ferjesamband som blir overførte til fylkeskommunane

Fylke	Ferjesamband
Buskerud/Vestfold	SVELVIK – VERKET
Vest-Agder	LAUNES – KVELLANDSSTRAND
Rogaland	JUDABERG – NEDSTRAND – JELSA
Rogaland	SAND – ROPEID
Rogaland	STAVANGER – TAU
Rogaland	MEKJARVIK – KVITSØY – SKUDNESHAMN
Hordaland	JEKTEVIK – HODNANESET
Hordaland	SKÅNEVIK – UTÅKER
Hordaland	SKJERSHOLMANE – RANAVIK
Hordaland	FEDJE – SÆVRØY
Hordaland	BUAVÅG – LANGEVÅG
Hordaland	DUESUND – MASFJORDNES
Hordaland	HATVIK – VENGJANESET
Hordaland	HALHJEM – VÅGE
Hordaland	KROKEIDE – HUFTHAMAR
Hordaland	HUSAVIK – SANDVIKVÅG
Hordaland	HJELLESTAD – KLOKKARVIK
Hordaland	BREISTEIN – VALESTRANDFOSSEN
Hordaland	GJERMUNDSHAMN – LØFALLSSTRAND
Hordaland	KVANNDAL – UTNE – KINSARVIK
Hordaland	JONDAL – TØRVIKBYGD
Hordaland/Sogn og Fjordane	LEIRVÅG – SLØVÅG
Sogn og Fjordane	KRAKHELLA – RUTLEDAL – RYSJEDALSVIKA
Sogn og Fjordane	DALE – EIKENES
Sogn og Fjordane	SMØRHAMN – KJELKENES
Sogn og Fjordane	HELLA – VANGSNES – DRAGSVIK
Sogn og Fjordane	ISANE – STÅRHEIM
Sogn og Fjordane	MÅLØY – OLDEIDE
Sogn og Fjordane	ASKVOLL – GJERVIK
Møre og Romsdal	BRATTVÅG – DRYNA – MYKLEBUST
Møre og Romsdal	ÅRVIK – KOPARNES
Møre og Romsdal	LAUVSTAD – VOLDA
Møre og Romsdal	AUSTNES – KJERSTAD – SKJELTEN

Fylke	Ferjesamband
Møre og Romsdal	HAREID – SULESUND
Møre og Romsdal	SOLHOLMEN – MORDALSVÅGEN
Møre og Romsdal	AUKRA – HOLLINGSHOLM
Møre og Romsdal	SØLSNES – ÅFARNES
Møre og Romsdal	AURSNEs – MAGERHOLM
Møre og Romsdal	KVANNE – RØKKUM
Møre og Romsdal	ARESVIK – HENNSET
Møre og Romsdal	SEIVIKA – TØMMERVÅG
Møre og Romsdal	EDØY – SANDVIKA
Møre og Romsdal	SÆBØ – LEKNES
Møre og Romsdal	STRANDA – LIABYGDA
Møre og Romsdal	EIDSDAL – LINGE
Møre og Romsdal	GEIANGER – HELLESYLT
Sør-Trøndelag	BREKSTAD – VALSET
Sør-Trøndelag	FLAKK – RØRVIK
Nord-Trøndelag	SKEI – GUTVIK
Nord-Trøndelag	LEVANGER – HOKSTAD
Nord-Trøndelag	HOFLES – GEISNES – LUND
Nord-Trøndelag	SEIERSTAD – ØLHAMMEREN
Nordland	LEVANG – NESNA
Nordland	KILBOGHAMN – JEKTVIK
Nordland	FORØY – ÅGSKARDET
Nordland	MELBU – FISKEBØL
Nordland	VENNESUND – HOLM
Nordland	HORN – ANDALSVÅG
Nordland	HORN – IGERØY – TJØTTA
Nordland	SANDNESSJØEN – DØNNA
Nordland	SØVIK – HERØY
Nordland	STOKKVÅGEN – SLENESET – LOVUND
Nordland	STOKKVÅGEN – TRÆNA
Nordland	TJØTTA – FORVIK
Nordland	FESTVÅG – MISTEN
Nordland	HEMNESBERGET – LEIRVIKA

Fylke	Ferjesamband
Nordland/Troms	ANDØY – SENJA
Troms	STANGNES – SØRROLLNES
Troms	STORSTEIN – LAUKSUNDSKARET
Troms	REFNES – FLESNES
Troms	HANSNES – SKÅNINGSBUKT
Troms	SVENSBY – BREIVIKEIDET
Troms	LYNGSEIDET – OLDERDALEN
Troms	BOTNHAMN – BRENSHOLMEN
Troms	BJARKØY – GRYTØY
Troms	STORNES – BJØRNERÅ
Troms	VIKRAN – LARSENG
Finnmark	ØKSFJORD – HASVIK

Formelt grunnlag for omklassifiseringa

I Ot.prp. nr. 68 (2008-2009) Om lov om overføring av rettigheter og forpliktelser ved omklassifisering av veg etter veglov § 62 tredje ledd i forbindelse med forvaltningsreformen, fremja regjeringa nødvendige lovforslag for å gjennomføre reforma innfor vegsektoren.

Veglova § 62 tredje ledd gir heimel til at Samferdselsdepartementet med samtykke frå Stortinget kan vedta å ta opp veg som riksveg og vedta at riksveg kan omklassifiserast til fylkesveg eller kommunal veg ved gjennomføring av forvaltningsreforma. Regelen i veglova § 62 tredje ledd vil ta til å gjelde straks Stortinget har vedteke ovannemnde lovendringar. Stortinget kan samtykkje i omklassifiseringa først når § 62 tredje ledd er sett i verk.

Forslag til omklassifisering

Med heimel i veglova § 62 tredje ledd foreslår Samferdselsdepartementet at store delar av det øvrige riksvegnettet med tilhøyrande gang- og sykkelveggar blir omklassifisert til fylkesveg, i Oslo kommunal veg.

Vidare foreslår Samferdselsdepartementet med heimel i veglova § 62 tredje ledd å ta opp som riksveg nokre vegstrekingar med eventuelle tilhøyrande gang- og sykkelveggar.

Omklassifiseringa har vore på høyring. Ho er òg omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019.

Forslag til omklassifisering av riksveg med tilhøyrande gang- og sykkelveg til fylkesveg, i Oslo kommunal veg, og forslag til opptak av fylkesveg og kommunal veg med tilhøyrande gang- og sykkelveg som riksveg følgjer av vedlegg til denne proposisjonen.

2.2 Krosby – Knapstad i Østfold – kostnadsauke

Prosjektet er m.a. omtalt i St.prp. nr. 79 (2006-2007) og i St.prp. nr. 1 (2008-2009), side 80.

Etter ekstern kvalitetssikring blei styringsramma for prosjektet fastsett til 940 mill. 2006-kr og kostnadsramma til 990 mill. 2006-kr. Omrekna til 2009-prisnivå utgjer styringsramma 1 125 mill. kr og kostnadsramma 1 185 mill. kr. Prognosen for sluttkostnaden er no auka til 1 262 mill. 2008-kr, som utgjer 1 314 mill. kr i 2009-prisnivå. Dette er ein auke på om lag 190 mill. kr samanlikna med styringsramma og om lag 130 mill. kr samanlikna med kostnadsramma. Samferdselsdepartementet legg til grunn ny kostnadsramme på 1 330 mill. 2009-kr, jf. forslag til vedtak.

Ei av årsakene til kostnadsauken er uventa høge prisar i innkomne tilbod samanlikna med dei prisane som blei lagde til grunn ved utarbeidinga av opphavleg kostnadsoverslag for prosjektet. I tillegg kjem kostnadsauke som følgje av auka krav til tryggleik i tunnelar, jf. EU-direktiv 2004/54/EF. Byggherrekostnadene er noko auka som følgje av at prosjektorganisasjonen er utvida ut over det som

var lagt til grunn i prosessen med den eksterne kvalitetssikringa (KS2). I tillegg kjem lokale støyttiltak og anleggsvegar som ikkje var inkluderte i opphavleg kostnadsoverslag. For å redusere kostnadene er det gjennomført nokre justeringar og innsparingar i prosjektet. I samsvar med vedteken kuttliste for prosjektet er m.a. ein rasteplass og ei bru ved Dalen teke ut.

I St.prp. nr. 79 (2006-2007) er det føresett at kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i den samla finansieringsplanen for E18 gjennom Østfold. Dette inneber at 57 pst. av auken opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og 43 pst. med bompengar. Auke ut over kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar.

2.3 E6 Østfoldpakka – plassering av bomstasjon på fv 311

Saka er sist omtalt i St.prp. nr. 79 (2006-2007).

Bomstasjonen på fv 311 er ein del av bompenggeopplegget for E6 i Østfold, jf. St.prp. nr. 26 (1999-2000). Bomstasjonen var opphavleg planlagt plassert sør for krysset mellom fv 311 Osloveien og fv 7 Brevikveien. Lokal motstand mot ein tovegs bomstasjon sør for krysset førte til at stasjonen blei etablert nord for krysset. Vilkåret for plasseringa var at dette ikkje skulle føre til uheldige verknader for trafikktryggleik eller miljø på fv 311/Brevikveien eller stor inntektssvikt som følgje av trafikkoverføring frå E6. Dersom det skulle bli slike uheldige verknader, var det føresett at bomstasjonen skulle flyttast til sør for krysset med Brevikveien, jf. m.a. St.prp. nr. 1 (2000-2001), side 84-85.

I St.prp. nr. 79 (2006-2007) blei det gjort greie for trafikkutviklinga i området og konsekvensane av eventuelt å flytte bomstasjonen til sør for krysset mellom Osloveien og Brevikveien. Sjølv om trafikken i området hadde auka noko, viste vurderingar i 2005 at plasseringa hadde ført til mindre uheldige verknader enn tidlegare rekna med. Flytting av bomstasjonen ville føre til noko meir trafikk gjennom bomstasjonen, men dette ville i hovudsak vere lokaltrafikk som ikkje har nytte av E6-utbygginga. Meirinntektene ved flytting blei rekna til 3-3,5 mill. kr i året. Vurderingane frå Statens vegvesen viste vidare at fjerning av bomstasjonen kunne føre til ei trafikkoverføring til Osloveien på i gjennomsnitt 3-4 000 køyretøy i døgnet. Dette ville føre til uheldige verknader både for miljø, trafikktryggleik og trafikkavvikling. Det blei rekna med at fjerning av bomstasjonen ville føre til ein reduksjon i bompenginntektene på 14-18 mill. kr i året (6-8 pst.), noko

som ville svekkje det finansielle grunnlaget for Østfoldpakka.

Østfold fylkeskommune tilrådde i vedtak i fylkesutvalet 23. juni 2005 at dagens plassering av bomstasjonen skulle vidareførast. Akershus fylkeskommune tilrådde i møte i fylkesutvalet 1. september 2005 å leggje ned bomstasjonen, i første omgang som ei prøveordning med evaluering etter eitt år.

Statens vegvesen la i februar 2008 fram ei ny vurdering av saka. Registreringar viste at trafikken på Brevikveien har gått ned med om lag 9 pst. sidan 2004. I den same perioden har samla trafikk gjennom bomstasjonane på Osloveien og E6 gått opp med om lag 19 pst., noko som er vesentleg meir enn den generelle trafikkveksten i Østfold og Akershus. Registreringane tyder derfor på redusert omkøyning via Son/Brevik.

I følgje Statens vegvesen har Moss kommune etablert eit nytt bustadområde på sørvestsida av krysset mellom Osloveien og Brevikveien. Det er bygd eit par hundre bustader og ein barnehage. Totalt er det planlagt å byggje 600 bustader. Det er etablert ein indre tverrveg som vil dele bustadområdet og leggje til rette for nye omkøyringsvegar. Dette vil komplisere ei flytting av bomstasjonen til sør for krysset.

Østfold fylkeskommune slutta seg i møte i fylkestinget 25. april 2008 til tilrådinga frå Statens vegvesen om at dagens bomstasjon på fv 311 blir ståande. Akershus fylkeskommune har munnleg opplyst at fylkeskommunen ikkje har nye synspunkt, men vil basere seg på Vestby kommune sitt syn på saka. Vestby kommune viste i brev av 25. juli 2008 til tidlegare uttalar og vedtak og ønskjer framleis at bomstasjonen blir fjerna, alternativt flytta til sør for krysset mellom Osloveien og Brevikveien.

Det er frå lokalt hald i Akershus hevda at trafikklekkasje ved bomstasjonen på fv 311 fører til at trafikktilhøva for m.a. skulebarn er dårlegare enn føresett ved plassering av bomstasjonen. Alle dei tre skulane i Son, Brevik barneskole, Son skole og Grevlingen ungdomsskole, har elevar som må ferdist langs Osloveien og Brevikveien. Registreringar viser trafikknedgang på Brevikveien etter 2004. Det kan derfor sluttast at trafikklekkasjen via rv 151 Sonsveien og fylkesveg 7 Brevikveien er redusert.

Statens vegvesen vurderer trafikktryggleiken for gåande og syklande langs Brevikveien som relativt god. Dette gjeld også for barn til og frå skule og fritidsaktivitetar. På strekninga som til saman utgjer om lag 3,8 km, er det etablert gang- og sykkelveg med unntak av langs ei 380 m lang strekning ved fylkesgrensa. Samtidig med etableringa av bomstasjonen blei det bygd fartshumpar og opp-


høgde gangfelt på ei om lag 1 600 km lang strekning langs bustadområdet Store Brevik. Fartsgrensa er 40 eller 60 km/t. Utforming av tiltaka er tilpassa krava i Statens vegvesens handbok 233 Sykkelhandboka. Talet på ulykker er redusert frå fem i perioden 1996-1998 til ei i perioden 2005-2007, noko som kan tyde på at standarden på strekninga er tilfredsstillande.

På bakgrunn av vurderingane i 2005 og 2008 går Statens vegvesen inn for at bomstasjonen på fv 311 Osloveien blir ståande. Dei uheldige verknadene av dagens plassering er mindre enn tidlegare rekna med. Sidan 2004 er det dessutan registrert ei positiv utvikling i trafikkmønsteret i området. Ei eventuell fjerning av bomstasjonen vil føre til trafikkoverføring frå E6 til Osloveien, noko som vil føre til negative miljøverknader spesielt for eksisterande og ny busetnad langs Osloveien. I tillegg vil det føre til inntektssvikt for Østfoldpakka.

Samferdselsdepartementet sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen om at bomstasjonen på

fv 311 blir ståande. Dei uheldige verknadene for trafikktryggleik og miljø langs Brevikveien og resten av sidevegnettet er mindre enn tidlegare rekna med. Ut frå føresetnadene for bompenggeopplegget er det etter Samferdselsdepartementet si vurdering ikkje grunnlag for å ta opp spørsmålet om fjerning av bomstasjonen, slik Akershus fylkeskommune og Vestby kommune foreslår. Dette vil føre til auka trafikklekkasje frå E6, inntektssvikt for Østfoldpakka på 14-18 mill. kr i året (6-8 pst.), trafikkauke på sidevegnettet og miljøulempen for tilstøytande område.

Samferdselsdepartementet tilrår at bomstasjonen på fv 311 nord for krysset mellom fv 311 Osloveien og fv 7 Brevikveien skal bli ståande. Departementet legg til grunn at det framleis blir gjennomført trafikktiltjingar i området for å avdekkje eventuelle uheldige framtidige trafikktilhøve som følgje av bomstasjonsplasseringa.



Figur 2.1 Oversiktskart. Bomstasjon på fv 311, Østfold

2.4 Oslopakke 3

Kolsåsbanan

Det går fram av St.prp. nr. 40 (2007-2008) Om Oslopakke 3 trinn 1, at Oslo kommune og Akershus fylkeskommune har vedteke at Kolsåsbanan skal oppgraderast til moderne T-banestandard (metrostandard). Dette inneber at strekninga mellom Sørbyhaugen/Montebello og Kolsås blir ombygd med planskilte kryss, stasjonar lagt til rette for drift av tog med seks vogner, utbetring av køyreveg, etablering av sikringssystem og nye stasjonar. I tillegg har Bærum kommune og Akershus fylkeskommune vedteke at det skal leggjast til rette for sporvogn-drift frå Bekkestua via Lilleakerbanan til Oslo sentrum.

Som omtalt i m.a. St.meld. nr. 17 (2008-2009) Om Oslopakke 3 trinn 2, blei første etappe frå Sørbyhaugen til Åsjordet opna for trafikk i august 2008. Strekninga frå Åsjordet til Jar er planlagt opna for trafikk hausten 2010. Akershus fylkeskommune ønskjer no å starte arbeida med vidareføring av Kolsåsbanan fram til Bekkestua i 2009. Det ligg føre godkjent reguleringsplan for strekninga. Akershus fylkeskommune har etter oppfordring frå Samferdselsdepartementet gjennomført ekstern kvalitets-sikring av kostnadene ved prosjektet (KS2). Akershus fylkeskommune har som tiltakshavar for prosjektet gjort framlegg om ei styringsramme på 600 mill. 2009-kr og ei kostnadsramme på 650 mill. 2009-kr. Dette er i tråd med konklusjonen frå den eksterne konsulenten, som òg styringsgruppa for Oslopakke 3 har slutta seg til.

Styringsgruppa for Oslopakke 3 går inn for at arbeida på Kolsåsbanan blir vidareførte fram til Bekkestua så raskt som mogleg. Finansierings- og framdriftsplan for prosjektet vil bli avklart gjennom arbeidet med det samla handlingsprogrammet for Oslopakke 3 for perioden 2010-2013. Planlagde arbeid i 2009 vil bli finansierte innafor alt avsette midlar til Kolsåsbanan i Akershus. Styringsgruppa har ikkje teke stilling til plan- og finansieringsløyser for strekninga vidare frå Bekkestua til Kolsås.

Samferdselsdepartementet er positiv til at arbeida på Kolsåsbanan blir vidareførte fram til Bekkestua og at anleggsstart på strekninga Jar – Bekkestua blir framskunda til 2009. Departementet vil leggje vekt på lokale styresmakter sine prioriteringar innafor rammene i Oslopakke 3.

Rv 150 Ulvensplitten – Sinsen

Kostnadsauken på prosjektet rv 150 Ulvensplitten – Sinsen er omtalt i St.meld. nr. 17 (2008-2009) Om Oslopakke 3 trinn 2. For å drive prosjektet rasjonelt

vidare har Statens vegvesen rekna ut eit meirbehov på 320 mill. kr i 2009. Midlar til dette prosjektet i 2009 må prioriterast innafor dei gjeldande økonomiske rammer for Oslopakke 3. Saka vil bli nærare drøfta i styringsgruppa for Oslopakke 3. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med saka i statsbudsjettet for 2010.

2.5 Forlenging av bompengoordninga i Kristiansand i Vest-Agder

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 45 (2007-2008) blei det gitt høve til å forlengje eksisterande bompengoordning i Kristiansand ut 2008, eventuelt til ei ny samferdselspakke for Kristiansandsregionen er behandla av Stortinget. Dersom dette ville gå ut over våren 2009, blei det føresett at Samferdselsdepartementet skulle kome tilbake til Stortinget med saka.

Som omtalt i St.prp. nr. 45 (2007-2008), har Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommunar og kommunane i Kristiansandsregionen slutta seg til eit opplegg for delvis bompengefinansiert utbygging av fase 1 av ei ny samferdselspakke for regionen. Arbeidet med ekstern kvalitetssikring (KS2) av Statens vegvesens vedtaksgrunnlag er i gang. Samferdselsdepartementet tek sikte på å leggje saka fram for Stortinget så snart som mogleg.

Samferdselsdepartementet tilrår at bompengeselskapet får høve til å forlengje dagens innkrevjingsordning fram til den nye samferdselspakka for Kristiansandsregionen er behandla av Stortinget. Seinaste sluttidspunkt for forlenginga vil vere årsskiftet 2009/2010. Med dette som utgangspunkt vil den forlengte innkrevjinga gi om lag 40 mill. kr i netto innbetalte bompengar. Bruken av midlane vil bli avklart i samband med samferdselspakka.

2.6 Bergensprogrammet i Hordaland – førebuing av andre etappe

Første etappe av rv 557 Ringveg vest og Bybanen er planlagt opna for trafikk i 2010. For å kome raskt i gang med anleggsarbeida på andre etappe av Ringveg vest og Bybanen har Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune gått inn for å finansiere førebuinge arbeid i 2009 og 2010 gjennom auka låneopptak, innsparingar og omprioriteringar innafor det vedtekne Bergensprogrammet. Dei førebuinge arbeida var føresette å omfatte prosjektering, grunnverv og utarbeiding av konkurransegrunnlag. Det var lagt til grunn eit samla forbruk på om lag 190 mill. kr til slike førebuinge arbeid i 2009 og 2010, fordelt med 30 mill. kr til Ringveg vest og 160 mill. kr til Bybanen.

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 1 (2008-2009) blei det gitt løyve til å nytte om lag 100 mill. kr til planlegging og prosjektering av andre etappe av Ringveg vest og Bybanen i 2009, jf. side 101 i proposisjonen. Det blei ikkje gitt løyve til å finansiere grunnnerverv og utarbeiding av konkurransegrunnlag.

Grunnnerverv er ein viktig del av førebuingane til anleggsstart på eit prosjekt. For å leggje til rette for anleggsstart på andre etappe av Ringveg vest og Bybanen så raskt som råd, er det ønskeleg å kome i gang med grunnnervervet før det ligg føre endelege vedtak av eit opplegg for vidareføring av Bergensprogrammet. Samferdselsdepartementet går derfor inn for at løyvet til å nytte om lag 100 mill. kr til førebuingar i 2009 blir utvida til også å omfatte grunnnerverv.

2.7 E6 gjennom Steinkjer – raset i Løsberga i Nord-Trøndelag

I samband med sprengingsarbeid på prosjektet E6 Vist – Jevika – Selli gjekk det 30. juni 2008 eit ras i Løsberga, sør for Steinkjer. Om lag 8 000 m³ steinmasse rasa ut. Raset førte til at jernbana var stengt i to dagar, medan vegen var stengt til 11. juli 2008. Det blei oppretta omkøyring via kommunal veg ved Lø.

Oppryddingsarbeid og vidare forsiktig sprenging heldt fram, men 3. november 2008 skjedde det ei ny utgliding i dei same rasmassane. Etter dette raset var jernbana stengt til 8. november, medan vegen var stengt til 16. februar 2009. Vegtrafikken blei også denne gongen leidd via den kommunale vegen ved Lø. Arbeidet med å sikre fjellskjeringa er no i slutfasen. I tillegg held ein på med ordinære vegarbeid. Siste del av prosjektet er venta opna for trafikk i oktober 2009.

Raset og oppryddingsarbeida har ført til ein meirkostnad for prosjektet på 40-45 mill. kr.

Etter raset 30. juni 2008 blei det oppretta ei referansegruppe som skulle støtte prosjektleinga i oppryddingsarbeidet. For å finne ut om vurderingar, prosedyrar og utføring hadde vore tilrådelege fekk referansegruppa i tillegg som mandat å sjå på arbeidsgang, kartlegging, oppfølging og utføring før raset. Etter raset 3. november 2008 blei mandatet utvida til også å vurdere bruken av ingeniørgeologisk kompetanse i plan- og prosjekteringsfasen.

Referansegruppa la fram sin rapport 23. februar 2009. Dei viktigaste konklusjonane og tilrådingane i rapporten er:

- forarbeida i Løsberga er vurdert utførde slik det er vanleg for høge skjeringar her i landet, men det blei ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til krava

til registrering av tidlegare rørsler, slik Statens vegvesen si Handbok 018 Vegbygging, punkt 228 krev.

- bruken av ingeniørgeologisk kompetanse under planlegging og prosjektering av dei høge skjeringane blir vurdert som mangelfull. Gjennomgangen av utarbeidd grunnlagsmateriale viser at ingeniørgeologisk kompetanse ikkje har blitt brukt i særleg grad mellom 1990 og 2004 på dette prosjektet.
- omfanget av den ingeniørgeologiske oppfølginga undervegs i sprengingsarbeida er vurdert som særskilt omfattande samanlikna med det som er vanleg praksis her i landet.
- den kritiske sleppeflata som førte til utglidinga 30. juni 2008, blei ikkje oppdaga i tide trass i grundig ingeniørgeologisk oppfølging. På bakgrunn av fotografi som blei tekne like før utglidinga, kan det hevdast at det kunne vore mogleg å oppdage sleppeflata i tide. Det blir likevel sett på som vanskeleg å vurdere omfanget av dei stabilitetsproblema som oppstod.
- det blir vurdert som lite sannsynleg at alternative undersøkingismetodar, som kjerneboring eller refraksjonsseismikk, ville gitt betre grunnlag for å avdekkje den kritiske sleppeflata før utglidinga skjedde.
- det blir vurdert som lite sannsynleg at alternative uttaksmetodar, som nedskalert sprengningsteknikk eller diamantsaging, kunne hindra utglidinga.
- krava i gjeldande regelverk til bruk av ingeniørgeologisk kompetanse ved planlegging, prosjektering og utføring av høge vegskjeringar blir vurdert som mangelfulle. Det blir foreslått at det i Handbok 018 Vegbygging blir teke inn ei kopling mot NS 3480 Geoteknisk prosjektering, på same måte som for vegtunnelar i Handbok 021 Vegtunnelar.
- Statens vegvesen stiller i sine handbøker ikkje krav til pallhøgde eller salvestorleik for sprenging i skjeringar. Det bør vurderast om slike krav skal takast inn på linje med krava til holavstand og ladningsstyrke i konturen.

Statens vegvesen starta hausten 2008 arbeidet med å gå gjennom gjeldande retningslinjer for å vurdere om det er behov for å setje i verk nye og betra reglar, prosedyrar og tiltak ved planlegging, prosjektering, bygging, drift og vedlikehald av vegskjeringar. Rapporten frå referansegruppa viser at det er behov for å gjennomføre revisjonar av gjeldande retningslinjer. Statens vegvesen har derfor forsert dette arbeidet.

3 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

3.1 Godkjenning av signal- og sikringsanlegget MERKUR

Bakgrunn og status

Jernbaneverket har etter anbodskonkurranse inngått kontraktar med ABB om levering av signal- og sikringsanlegget Merkur (ein ny type anlegg). Det nyutvikla anlegget skal etter planen brukast på Ganddal godsterminal, på det nye dobbeltsporet Sandnes – Stavanger og på det nye fjernstyringsanlegget mellom Mosjøen og Bodø på Nordlandsbanen.

På grunn av at Merkur er eit nyutvikla system treng det ei generisk (generell) godkjenning av Statens jernbanetilsyn før det kan takast i bruk. Jernbaneverket søkte om å ta i bruk signal- og sikringsanlegget Merkur på Orstad stasjon Ganddal godsterminal for samstundes å sikre ei generisk godkjenning. Statens jernbanetilsyn godkjende ikkje søknaden. Dette blei m.a. grunngitt med at Merkur ikkje er godt nok dokumentert for å fastsetje det tryggleiksnivået som ein krev for signal- og sikringsanlegg.

Etter avslaget frå Statens jernbanetilsyn har Jernbaneverket arbeidd med å få oversikt over konsekvensar og vurdert handlingsalternativ både med tanke på mellombelse og varige løysingar. Jernbaneverket forhandlar no med ABB om tekniske, framdriftsmessige og økonomiske konsekvensar for Merkur-kontraktane som følgje av den manglande godkjenninga. I samråd med Samferdselsdepartementet har Jernbaneverket førebels valt å oppretthalde kontraktane med ABB. Bakgrunnen er at Jernbaneverket meiner at dette framleis er eit realistisk alternativ. Vilkåret frå Jernbaneverket si side er at ABB i første omgang må få godkjent ei sertifisering av Merkur som system. Denne sertifiseringa må gjennomførast før Jernbaneverket sender ny søknad om generisk godkjenning av Merkur på Ganddal til Statens jernbanetilsyn. Ei sertifisering vil lette den etterfølgjande godkjenningsprosessen om bruk av Merkur på Ganddal. Kontraktane for dei to andre prosjekta blir førte vidare om Statens jernbanetilsyns vedtak om godkjenning på Ganddal gir grunnlag for det. Det er ABBs ansvar å få på plass ei nødvendig sertifisering av Merkur, men Jernbaneverket vil medverke til å få denne på plass.

Jernbaneverket har utarbeidd eit konkurransegrunnlag for ein mogleg anbodskonkurranse om eit nytt signal- og sikringssystem, som kan setjast i verk som ei alternativ løysing om det viser seg at

Jernbaneverket og ABB ikkje blir samde om vilkåra for å oppretthalde Merkur-kontraktane. I tilfelle blir det ein diskusjon mellom Jernbaneverket og ABB om ansvaret for kostnadene som følgje av at Merkur ikkje kan leverast. Sjølv om Merkur blir levert på eit seinare tidspunkt enn det som opphavleg var avtalt, vil det måtte bli eit oppgjør mellom partane med omsyn til meirkostnadene. Partane har valt å vente med eit slikt oppgjør og i staden sjå på dei tiltaka som må gjerast for å få Merkur godkjent så snart som mogleg. I omtalen av kostnader er det berre teke omsyn til meirkostnader slik dei no fortonar seg og til kven som skal betale. Det er m.a.o. ikkje teke omsyn til eit eventuelt erstatningsoppgjør.

På bakgrunn av at Merkuranlegget ikkje blei godkjent for bruk har Jernbaneverket teke initiativ til at det blir gjort ein uavhengig revisjon av anskaffings- og utviklingsprosessen og korleis han er handtert av Jernbaneverket. Revisjonen er meint å gi grunnlag for læring av prosessen og om det bør gjennomførast eventuelle tiltak. Det er lagt opp til at revisjonen skal avsluttast innan sommaren 2009.

Budsjettmessige konsekvensar for dei tre jernbaneprosjekta

Ganddal godsterminal

Prosjektet er seinast omtalt i St.prp. nr. 1 (2008-2009). Terminalen blei opna for drift med manuell togstyring 3. januar 2008. Togstyringa på terminalen held fram med manuell drift fram til eit permanent signal- og sikringsanlegg er på plass. Kostnadsoverslaget for prosjektet er sett til 466,4 mill. 2009-kr. I 2009 er det løyvd 52 mill. kr til slutføring av prosjektet. Jernbaneverket reknar førebels med at meirkostnaden på grunn av forseinkinga med Merkur utgjer i storleiken 20 mill. kr som i hovudsak kjem av endra kontraktsoppfølging og at ordninga med manuell togstyring må halde fram i ytterlegare to år.

Om Merkur-kontrakten med ABB må avviklast, reknar Jernbaneverket førebels med at dette kan innebere ein meirkostnad i storleiken 85 mill. kr som i hovudsak kjem av at det må kjøpast eit nytt permanent signalanlegg og at den manuelle togstyringa av terminalen må halde fram i ytterlegare eitt år.

Sandnes – Stavanger

Prosjektet er seinast omtalt i St.prp. nr. 1 (2008-2009). Etter ei ekstern kvalitetssikring som Samferdselsdepartementet fekk gjennomført i 2008, er kostnadsramma for prosjektet fastsett til 2 570 mill.

2009-kr, medan styringsramma er fastsett til 2 215 mill. 2009-kr, jf. St.prp. nr. 45/Innst. S. nr. 242 (2007-2008). I budsjettet for 2009 er det løyvd 749,7 mill. kr til vidareføring av prosjektet.

Det nye dobbeltsporet skal etter planen stå ferdig i slutten av oktober i år. I påvente av å få installert eit permanent signalsystem legg Jernbaneverket opp til å kunne ta i bruk ei mellombels løysing ved å få installert eit NSI 63-anlegg. Dette er eit enklare signal- og sikringsanlegg som gjer det mogleg at begge spora kan takast i bruk ved opninga, men det vil ikkje vere mogleg å veksle mellom spora. Ei slik løysing er mindre fleksibel om det oppstår avvikssituasjonar i togtrafikken på banestrekninga. Jernbaneverket arbeider med løysingar for å handtere dette på ein god måte. Ei slik mellombels løysing må godkjennast av Statens jernbanetilsyn. Jernbaneverket har sett i gang arbeidet med eit NSI 63-anlegg som etter planen skal stå ferdig samstundes med opninga av dobbeltsporet.

